



Øystein Risa  
Gamlastøa 11  
5911 ALVERSUND

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Arnt Erik Nordheim, 5764 3191

## Alver kommune gnr. 137 bnr. 184, Gamlastøa. Søknad om redusert gebyr, platting til naust

Vi visser til oversending frå Alver kommune 19.09.2023, som gjeld klage på administrativt avslag 31.05.2022. Klagen er framsett innanfor fristen, og vilkåra for å handsame klagen er oppfylte.


### Vedtak

**Statsforvaltaren stadfestar vedtaket frå Alver kommune 31.05.2022, ref. 21/2141 med saknr. 614/22, om avslag på søknad om redusert handsamingsgebyr.**

### Sakens bakgrunn

Du søkte den 12.11.2021 om dispensasjon for platting til godkjent naust på gbnr. 137/184. Eigedomen er ein eldre og tidlegare ubygd strandparsell på ca. 62 m<sup>2</sup>, som er avsett til «annen bebyggelse» i kommunedelplanen for Knarvik, Alversund og Alverstraumen.<sup>1</sup> Eigedomen ligg utanfor den kommunale byggegrensa mot sjø.

Søknaden om dispensasjon er utløyst av ei avvising frå Alver kommune 19.10.2021, der kommunen gav byggeløyve til naust og båtslipp på eigedomen. Grunnen til avvisinga var at plattingen, slik kommunen vurderte det, ikkje var omfatta av tidlegare innvilga dispensasjon.<sup>2</sup> Søknaden ovanfor var framsett saman med klage på denne avvisinga.



Etter at dispensasjonssøknaden var ferdig handsama, av slo kommunen plattingen, jf. vedtak datert 01.03.2022. Avslaget vart grunngeve med at fordelane ved å dispensere ikkje vart klart større

<sup>1</sup> PlanID: 4631\_1263-201701, i kraft 15.10.2019: <https://www.arealplaner.no/alver4631/arealplaner/360>

<sup>2</sup> Dispensasjonsvedtak 21.06.2020, gitt for omsøkt naust og slipp.



enn ulempene ved vidare nedbygging. Kommunen viste mellom anna til at behovet for plattning «...ikkje synast å vere like stort som behovet for naust med båtslipp.»

Etter dette fakturerte kommunen handsamingsgebyr for dispensasjonshandsaminga. Handsamingsgebyret kom i tillegg til gebyret for det allereie godkjende nauset m/båtslipp. Du klaga på avslaget for plattningen, jf. klage framsett av ansvarleg søkar Delta Bolig Prosjektering AS den 22.03.2022. Klagen gjaldt også det nye gebyret, som du og ansvarleg søkar meinte var ein del av den gebyrfrie klagehandsaminga. Det var også formuleringar i kommunen sitt avslag som underbygde at det ikkje kunne takast nytt gebyr i klageomgangen.

Kommunen handsama klagen administrativt. Ettersom det ikkje var klagerett på gebyret, vurderte kommunen denne delen av brevet som ein søknad om reduksjon. Slik kommunen såg det, måtte det vere pårekeleg å få gebyr for førstegangshandsaming av ein ny dispensasjonssøknad. Kommunen hadde også varsla at søknaden var ufullstendig, jf. mangelbrev 26.04.2021, før dei hadde avvist den første søknaden. Kommunen såg derfor ingen særlege forhold som gav grunnlag for å sette ned gebyret, og avslo søknaden 31.05.2022.

Statsforvaltaren tek med at kommunen v/Utval for areal, plan og miljø tok til følge klagen på avslaget i saka, og gav dispensasjon for plattningen 01.06.2022.

Du framsette deretter ei ny klage 19.06.2022, som gjaldt avslaget på gebyrreduksjon. Her viser du til at det var dialog med kommunen under byggesaka, om kvar plattningen måtte teiknast inn langs sjøgrensa/flomålet, for ikkje å verte rekna som ein kai. Tidlegare planlagt kai vart deretter endra og gjort om til plattning i søknaden. Då søknaden kom inn, gav kommunen løyve til naust og slipp, men avviste likevel plattningen. Vidare peika kommunen på at ei eventuell klage *måtte* supplerast med ny søknad om dispensasjon. Dette kravet var den einaste grunnen til at søknaden vart utarbeidd, som ein del av klagen. I tillegg tok ansvarleg søkar atterhald om at dette måtte reknast som éin søknad. Trass i desse omstenda vart du fakturert kr. 17 000,-.<sup>3</sup>

Etter ditt syn er det hyppig rullering av kommunale sakshandsamarar som har ført til dette uheldige resultatet. Du krev derfor at gebyret lyt krediterast fullt ut.

Kommunen har vurdert klagen i oversendinga hit, men har ikkje funne grunn til å ta klagen til følge. Vi viser til oversendingsbrevet, med kopi til deg.

### **Regelverk**

Statsforvaltaren i Vestland er delegert myndigheit til å avgjere klager på enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Statsforvaltaren kan prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Statsforvaltaren legge stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Plan- og bygningslova § 33-1 gjev kommunen heimel til å fastsette gebyrregulativ for dekning av utgifter til handsaminga av byggesøknader m.m. Gebyret skal ikkje overstige kommunen sine nødvendige kostnader med slike saker (sjølvkostprinsippet). I enkeltsaker vert gebyret fastsett etter satsane som gjaldt ved mottak av fullstendig søknad.

---

<sup>3</sup> *Dispensasjon frå lov, plan og forskrift*, jf. gebyrregulativ for Alver kommune 2021 pkt. 9.2.



Gebyrstatstane for 2021 er fastsett i *Gebyr og betalingsattsar 2021 for Alver kommune*, vedteke av kommunestyret 17.12.2020, sak 168/20. Handsamingsgebyr for dispensasjonssaker går fram av kapittel 9, jf. kapittel 4 om generelle reglar. Det er ikkje klagerett på sjølve gebyrregulativet, eller på satsane i regulativet.

Det er høve til å søke om redusert gebyr, jf. regulativet kapittel 4.9 andre avsnitt. Søknaden skal vere grunngeven, og reduksjon føreset at det ligg føre særlege grunnar. Personlege og/eller sosiale forhold vert ikkje rekna som ein særleg grunn. Regelen er vidareført i gjeldande regulativ (2023) under «Generelle reglar».

Avslag på søknader om redusert gebyr, kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. regulativet kap. 4.10 og plan- og bygningslova § 1-9.

### **Statsforvaltaren si vurdering**

Vi viser først til hovudregelen, som er at det ikkje er klagerett på gebyrvedtak med heimel i det fastsette regulativet. Grunnen til dette er at det er sjølve innsendinga av ein søknad, og kommunen sitt arbeid med ein slik søknad, som utløyser betalingsplikta, ikkje vedtaket eller resultatet i dispensasjonssaka. Dei fleste gebyra vert gitt etter faste sattsar, utan at kommunen tek noko konkrete avgjerd om dette. Dette er også tilfellet i denne saka.

Vidare viser vi til at det er du som tiltakshavar, eventuelt ved ansvarleg søkar, som har ansvaret for at ein søknad er fullstendig før innsending, jf. plan- og bygningslova § 21-2. Eventuelle feil eller manglar ved søknadsgrunnlaget, eller at det behov for ytterlegare dispensasjonar, er søkaren sin risiko.

Den tidlegare omsøkte kaifronten som du har referert til, vart avslått ved endeleg vedtak herfrå 04.12.2020.<sup>4</sup> Vi oppfattar at det deretter var dialog med kommunen om endring av tiltaket til platting, før kommunen til slutt svara at «[o]ppføring av omsøkte platting vil krevje ny dispensasjon og må i så fall søkjast om før kommunen kan godkjenne denne.»<sup>5</sup> Slik søknad kom ikkje inn, og kommunen avviste derfor å handsame plattingen.

Vi ser at du og ansvarleg søkar kan ha misoppfatta orienteringa frå kommunen i avvisingsvedtaket. Særleg er formuleringa om at ein eventuell klage «må supplerast med ein søknad om dispensasjon» eigna til mistydingar. Vi kan likevel ikkje sjå at denne typen formuleringar, eller ansvarleg søkar sitt seinare atterhald, fører til at kommunen ikkje kan ta gebyr. Kommunen hadde allereie rettleia om at ein platting ville krevje ein ny søknad, og tydeleg skilt dei ulike tiltaka frå kvarandre. Som søkar meiner vi derfor du måtte vere innforstått med at det ville påkomme nytt gebyr.

Ut frå klagen, og dei atterhalda som ansvarleg søkar tok då klagen 22.03.2022 vart framsett, var det tydeleg at du og ansvarleg søkar ønskte dette handsama som éi sak, med eitt gebyr. I slike tilfelle kunne kommunen eventuelt ha undersøkt om du faktisk ønskte ei ny handsaming, når dette vart nødvendig. Du kunne då også fått høve til å trekke søknaden, dersom gebyret til dømes var for høgt samanlikna med nytten, eller eventuelt stadfeste at søknaden gjaldt.

Det er derimot ikkje noko i saka som tyder på at du ikkje har hatt som mål å få plattingen godkjent, eller at søknaden ville blitt trekt dersom du hadde fått denne opplysninga. Sjølv utan dette må vi også vise til at nye søknader utløyser gebyr etter plan- og bygningslova § 33-1, og at nytt gebyr

---

<sup>4</sup> Vedtak i klagesak 2020/15973.

<sup>5</sup> Jf. Mangelsbrev 26.04.2021 pkt. 3.



derfor måtte vere ei pårekneleg og synleg følgje av innsendinga. Formuleringa i kommunen sitt brev kan ikkje tolkast som at kommunen faktisk meinte å gje fritak for nye gebyr, og heller ikkje meinte å pålegge deg å søke, men at formuleringa er upresis. Slik ansvars- og søknadssystemet i lova er bygd opp, kan vi ikkje sjå at dette er ein særleg grunn for reduksjon, jf. pbl. § 21-2 og kap. 23.

Det er heller ikkje ein særleg grunn at dispensasjonssøknaden til slutt førte fram. Statsforvaltaren viser til at utvalet tok klagen til følgje fordi ein fann grunnlag for å gje dispensasjon, ikkje at dispensasjonshandsaminga var unødvendig. Som nemnt er det også handsaminga og kommunen sitt arbeid med søknaden som er gebyrbelagt, ikkje løyvet eller resultatet i forvaltningsaka.

Oppsummert ligg det ikkje føre særlege grunnar i denne saka, som kan gje grunnlag for nedsett gebyr i medhald av Alver kommune sitt gebyrregulativ. Vi har då også lagt vekt på at vurderinga av «særlege grunnar» er eit vilkår som er skjønnsmessig og lokalt fastsett. Statsforvaltaren skal då også legge stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret, og på kommunen sin praksis og terskel for reduksjon slike saker.

Klagen har ikkje ført fram, og vi har derfor stadfesta det kommunale avslaget 31.05.2022.

Vedtaket på side 1 i dette brevet er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. forvaltningslova § 28 tredje avsnitt.

Med helsing

Ida Loftesnes Kvåle  
seniorrådgjevar

Arnt Erik Nordheim  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune  
DELTA BOLIG PROSJEKTERING AS

Postboks 4  
Grøvlesvingen 29

5906 FREKHAUG  
5108 HORDVIK